

Gledde Huglo-folket med allsongprogram.

30.07.2017



Trubadurane aktiviserte publikum på rytmearkiv. Gunnlaug Eik på maracas framme t.h.

**Etter at trubadurane Hans Gustav Mussland, Kristian Bringedal og Reidar Myklebust hadde stor suksess med allsongprogram på Huglo i fjor sommar, var dei sterkt ønskte tilbake. I går var to av dei, Kristian og Reidar, på plass utanfor Huglabutikken, og det vart ein koseleg songstund både for fastbuande og for feriefolk.**



Singing in the rain...

Det vert rapportert om at det vart ein svært koseleg songstund også i år. Med noko regn vart det 'singing in the rain', men det såg ikkje ut til å dempa stemningen mykje. Dei to trubadurane hadde med allsonghefte, og då dei

rustne herrane fekk på seg dei karakteristiske, maritime hovudplagga og drog i gong musikken vart det skikkeleg koseleg med god song. Det vert også fortalt at nokre av publikum fekk vera med på rytmeinstrument.

Kosen vart understreka ved at Vigliv Brandvik, f. Bjelland, selde både vafler, kaffi og lodd. På Huglabutikken si facebook-side vert det retta stor takk til dei to Uskedals-karane og konene deira som tok turen og gav Huglo-folket den koselege laurdagsstunda.

Trubadurfølgje nyttar elles høve til omvisning på øya med ein utmerka guide i Magne Huglen, og dei vitja også Magne og Anne Berit på hytta dei har bygt på barndomsøya hans.

Huglofolket håpar nok på ei ny allsongstund neste sommar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå Huglabutikken si facebook-side.